



Notat

Dato: 05.06.2014
Arkivsak: 2014/989-8
Saksbehandlar: monsogn

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Budsjett 2014 - gjennomføring av vedtak

Fylkesrådmannen orienterer i notatet om gjennomføringa av fylkestinget sitt vedtak om budsjett 2014. Orienteringa gjeld punkta 2 og 3 i vedtaket.

Punkt 2 i vedtaket

Fylkestinget ba i punkt 2 i budsjettvedtaket om at fylkeskommunen arbeider målretta med utviklingstiltak og at fylkesrådmannen vurderte å setja i verk ein organisasjonsutviklingsprosess. Døme på utviklingstiltak i vedtaket var ekommunesatsing med heilelektroniske arbeidsprosessar.

«Førebudd på framtida»

Som oppfølging av budsjettvedtaket har fylkesrådmannen sett i gang prosjektet «Førebudd på framtida». Revisjons- og rådgjevingsselskapet BDO AS er prosessleiar.

Mandatet for prosjektet er å kartlegge og vurdere fylkeskommunen si organisering, effektivitet, oppgåvefordeling, aktivitetar og roller. Prosjektet er delt i to fasar, der fase ein handlar i hovudsak om fellesfunksjonar i fylkesadministrasjonen generelt, og organisasjonsavdelinga, økonomiavdelinga, regionalavdelinga, kultur- og idrettsavdelinga og tannhelseavdelinga spesielt. Fase to vert gjennomført våren 2015, og vil ta for seg opplæringsavdelinga og samferdselsavdelinga.

I følge framdriftsplanen for prosjektet skal rapport for fase ein verte levert medio august 2014 og fylkesrådmannen vil koma attende til dette etter at rapporten frå BDO ligg føre.

Ekommunesatsing

Fylkesrådmannen har initiert ulike tiltak retta inn mot ei heilelektronisk forvaltning. Tiltaka bygger også på KS sin digitaliseringsstrategi 2013 – 2016.

Status for desse tiltaka er:

Tverrsektorielle område

Etablering av fullelektroniske tenester og arbeidsprosessar for publikum, næringsliv og kommunen sine tilsette, føreset at ein har god elektronisk grunnplattform og gode fellessystem på plass tverrsektorelt i HFK.

Nedanfor er nokre døme på kva som er gjort på dette området:

- HFK har etablert ei felles katalogteneste for alle tilsette. Alle tilsette har lik tilgang til alle fellessystem/-løysingar. Dette har bla gitt grunnlag for en felles e-post-løysing. Ferdigstilt januar 2014.
- HFK har innført nytt personal- og lønnssystem, som har sjølvbeteningsløysing for dei tilsette, og som elektronisk utvekslar data med andre offentlege registre som Skatteetaten, SSB, NAV osb. Systemet har også ein modul for elektronisk dialog for søknad på stillingar i HFK.
- HFK har innført eit nytt moderne fullelektronisk arkiv- og dokumenthandteringssystem i sentraladministrasjonen. Elektronisk utsending av dokument til politikarane for behandling. Elektronisk innsynsmodul for publikum dvs. elektronisk journal og politiske saker.
- HFK har innført førespurnads- og kontrakthandteringssystem med sjølvbeteningsløysning for tilbydar. Tilbydar hentar dokumenta sjølv, samt leverer inn anbod/tilbud elektronisk via portal, og ikkje lenger på papir.
- HFK har innført elektronisk fakturasystem – Basware
- HFK har sterkt fokus på e-fakturaløysingar

Prosjektet «E-forvaltning i HFK del 1»

Regjeringa sitt digitaliseringssprogram og ei nyleg lovendring i forvaltningslova har som målsetting at all kommunikasjon frå og til offentleg forvaltning skal skje elektronisk.

Fra juni 2014 etablerer Difi eit felles kontakt- og reservasjonsregister over innbyggjarane til bruk i samband med svar frå forvaltninga til innbyggjarane. Dette registeret er fra januar 2016 obligatorisk å nytte for all eforvaltningsorgan. For å legge til rette for HFK si tilknyting til dette registeret, og påfølgande utsending av elektroniske svar frå forvaltninga som hovudregel, har fylkesrådmannen etablert prosjektet «E-forvaltning i HFK del 1». Prosjektet skal vere ferdig og implementert innan 1.1.2016. Dette prosjektet vil dreie seg om elektronisk utsending av svar. Seinare vil eit nytt prosjekt bli etablert, «E-forvaltning i HFK del 2», der ein vil legge grunnlaget for øgningen av forvaltning med fullelektroniske tenester ovanfor innbyggjarane.

Nye nettsider

Fylkesrådmannen har også tatt initiativ til eit prosjekt for å oppgradere HFK sine nettsider slik at dei er tilpassa dei nye krava som kjem. Dette prosjektet er i gang og er ventar at utkast til nye sider skal vere klart i løpet av 2015.

Punkt 3 i vedtaket

3.1 Opplæring og helse

Under punkt 3.1 Opplæring og helse i budsjettvedtaket styrka fylkestinget vekslingsmodellen og ordninga med produksjonsskule. Det vart vidare bede om ei sak for gjennomgang av fondsbruk og fondsavsetjing ved dei vidaregåande skulane. Fylkestinget ba også om sak vedkomande samanslåing av dei vidaregåande skulane på Bømlo og etablering av ny skule på Rubbestadnes.

Vekslingsmodellen

Inneverande skuleår har Hordaland fylkeskommune starta opp eit forsøksprosjekt med vekslingsmodell innan fagområda bygg og anlegg (BA) og helse og oppvekst (HO) ved Slåtthaug videregående skole og Olsvikåsen videregående skole. Forsøket vart planlagt med 15 elevar på BA og 20 elevar på HO med

oppstart hausten 2013. Vi styrkar forsøket i 2014 med nytt opptak med same tal nye elevar/lærlingar. Dette betyr at vi hausten 2014 vil ha om lag 70 elevar/lærlingar i vekslingsmodell i Hordaland.

Produksjonsskulen

Produksjonsskulen er ei satsing for ungdom mellom 16 og 21 år som har falle ut av vidaregåande opplæring og som treng ein veg inn att til framtidsbyggande aktivitet. Deltakarane skal få utvikle kompetanse gjennom praktisk arbeid direkte inn i ein verkstadbasert produksjon som leverer varer og tenester til samfunnet. Dei vil få opplæring i eit fag, lære om arbeidslivet sine speleregler og utvikle eiga danning og kvalifisering for eit framtidig yrkesliv. Tilbodet blir starta opp med tre ulike verkstader hausten 2014 med ein kapasitet på om lag 40 plassar. Dei tre verkstadene vi startar med, er Kantinedrift med restaurant- og matfag, Kulturverkstad og Bygg- og anleggsvirkstad.

Nye reglar for avsetjing til fond ved dei vidaregåande skulane

I april i år vart nye retningslinjer for avsetjing til disponibele fond vedteke i fylkesutvalet. Dei nye retningslinene er meint å stramme inn praksisen for fondsavsetjingar noko, utan at incentiva bak ordninga der skulane beheld sitt rekneskapsresultat fell vekk. Grensa for maksimalt disponibelt fond er sett ved 5% av netto årsbudsjett for den einskilde skule; alternativt 0,75 % av totalt årsbudsjett for alle skulane. Inndregne midlar kan nyttast til naudsynte tiltak og/eller driftsmål som ikkje vert oppnådd; til dømes til å oppgradere utdatert utstyr eller materiell. Vidare kan fonda brukast til tiltak som skal redusere fråfall, eller til å dekkje kostnader ved eventuelt overtal i sektoren. Framlegg til bruk av inndregne midlar skal leggjast fram for politisk handsaming kvar vår.

Vurdering av organisering av oppdragsverksemda ved skulane kjem fylkesrådmannen attende til i eiga sak mot slutten av året.

Samanslåing av dei to vidaregåande skulane på Bømlo

På bakgrunn av Bømlo kommune sitt initiativ om å kjøpe Bømlo vidaregåande skule vert det fremja ei politisk sak for å avklare dei økonomiske rammene knytt til eventuelt sal av skulen. Dersom den framforhandla intensjonsavtalen vert vedteken, vil det innebere samanslåing av Bømlo vgs og Rubbestadneset vgs og bygging av tilbygg til skulen på Rubbestadneset. Dette inneber òg ei framskunding av tilhøyrande investeringstrong i økonomiplanen. Bømlo kommune har no bede om eit møte der dei ønskjer å drøfte ein intensjonsavtale. Ei eventuell sak om godkjenning av intensjonsavtalen kan tidlegast handsamast i fylkestinget i oktober 2014. Vert intensjonsavtalen vedteken i fylkestinget i oktober, vert det lagt fram eit forprosjekt for politisk godkjenning med byggestart for tilbygget i 2016 og ferdigstilling i 2018.

3.2 Samferdsel

Under punkt 3.2 Samferdsel i budsjettvedtaket viser fylkesrådmannen til tertialrapport etter 1. tertial som vart handsama av fylkestinget i juni for det som gjeld vegprosjekta Storskaret-Arefjordpollen og Grindavoll-Lepsøy.

Dei andre punkta i vedtaket er nærmere kommenterte nedanfor.

10 mill. kr til pendlarparkering

Det vart i budsjettet for 2014 sett av 10 mill. kr til innfartsparkeringstiltak. Fylkesutvalet handsama i 2011 sak om innfartsparkering der Samferdselsutvalet vart oppmoda om å oppretta ei tverrpolitisk gruppe for å arbeida med innfartsparkering. Fordeling av midlane som er avsett i budsjettet for 2014 er sett i samanheng med denne gruppa sitt arbeid.

Den politiske arbeidsgruppa skal utarbeida strategi for innfartsparkeringa og det er lagt opp til at strategidokumentet vil liggja føre hausten 2014 med vedtak i fylkestinget i mars 2015. I strategiarbeidet er det inngått samarbeid med TØI og Transnova. I september 2014 vert det arrangert eit fagseminar om innfartsparkering. På seminaret er det meininga å presentera kartlegginga av dei ulike innfartsparkeingsplassane.

Så langt er det i arbeidet med innfartsparkering er det tenkt nytta noko av budsjettsummen på 10 mill. kr fordelt m.a. på desse tiltaka:

- Nasjonalt innfartsparkeringsprosjekt i regi av TØI – fylkeskommunalt bidrag i prosjektet kr 750 000
- Konsulentbistand, til utredning av innfartsparkering på Flatøy og Kleppestø kr 750 000
- Sykkelparkering og tilrettelegging på fleire kollektivknutepunkt kr 2 000 000
- Terminalfasilitetar på Ågotnes terminal kr 1 000 000

Ny ruteproduksjon

Fylkestinget sette av 40 mill. kr til auka ruteproduksjon fordelt med 30 mill. kr til buss og 10 mill. kr til ny hurtigbåtrute.

Summen er nytta slik:

- 10 mill. kr til hurtigbåtruta Knarvik - Bergen

Midlane avsett til auka bussproduksjon – 30 mill. kr – er gått til/skal gå til tiltaka lista opp i kulepunktene nedanfor.

- Ekspressbusser Ågotnes - sentrum i rushtida
- Styrking Kronstad – ny høgskule, oppretting av ny busslinje -linje 9- Sentrum – Kronstad for å møt den auka etterspørselet ved flytting av høgskulen
- Styrking av ulike linjer i sentrumsanbudet, som m.a. linje 20 mot Storavatnet, linje 15 mot Bønes, linje 12 Grønneviksøren og styrking av linje 13 (Innflytting DNB Solheimsviken) Alle linjene har fått auka frekvens spesielt i rushtida.
- Auka frekvens på stamlinje 5 og 6, auka frekvens på linje 37 Breistein, auka frekvens på linje 26 og på ekspressbusser 3 og 4. (Solheimsviken, Kronstad, Sentrum)
- Auka frekvens på Bybanen frå august.
-

Ein del av desse tiltaka er iverksette og nokon vert sett i verk frå 11 august. Midlane er i stor grad brukt der ein i dag har kapasitetsutfordringar samt og der ein ventar ytterlegare press frå start av haustrutene 11 august.

Ladestasjonar og miljøknutepunkt Fjøsanger

Løyvinga på 5 mill. kr til ladestasjonar og miljøknutepunkt Fjøsanger er nytta slik:

- Oppgradering av fire hurtigladalarar opna i april, Norheimsund, Eidfjord, Rosendal og Etne - 0,15 mill. kr.
- Normalladestasjonar ved vg. skular. Utbygging hausten 2014 - 0,2 mill. kr
- Nye hurtigladestasjonar på Trengereid, Mongstad, Maurset, Vinje/Myrdalen, Eikelandosen og Røldal med opning des. 2014. Røldal inngår i nytt hurtigladenett på E134, opning des. 2014 - 1,05 mill. kr
- Tilskottsordning for normallading i kommunar og burettslag/bustadsameige – 1,0 mill. kr.
- Grønt energipunkt Danmarkspllass, hurtigladestasjon er eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune, BKK og Hordaland fylkeskommune. Planlagt opning i des. 2014 - 2,6 mill. kr.

3.3 Kultur og ressurs

I punkt 3.3 i budsjettvedtaket ba fylkestinget om sak i 2014 vedkomande flytting av Hordaland Teater frå Stend til Bergen sentrum.

Saka var teken opp i fylkesutvalet sitt møte 24. april 2014. I møteboka står det slik om dette:

«Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål 24.04.2014:

«Ser i media at Hordaland fylkeskommune saman med Bergen kommune har funne løysingar for ein del kulturinstitusjonar på næstet, det er bra. Korleis går det med flytting/etablering av Hordaland teater/nynorsk scene til Bergen sentrum?»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Hordaland fylkeskommune gav ei løyving på kr. 500 000 til utgreiing av lokalisering av Hordaland Teater i møte i fylkesutvalet 31.10.2013.

I budsjettsøknad for 2015 skriv Hordaland Teater følgjande: "i skrivande stund jobbar vi målretta mot eit aktuelt lokale, og vi håpar at dette kan ende i flytting, i nær framtid." Fylkeskommunen har ikkje motteke noka formell tilbakemelding om status for dette arbeidet, og avventar tilbakemelding frå styret. Grunna kort tidsfrist for når spørsmålet vart reist, har det ikkje vore mogeleg å undersøke status for flytting av teateret nærmare.»

Birthe Eriksen, styreleiar i Hordaland Teater LL, gjorde greie for status i flyttesaka:

«Det er no tilsett ny administrativ leiar i teateret som filtrer den 1. juni. Han vil prioritere arbeidet

med å få teateret flytta. Saka vil og bli handsama i eigarmøte den 29. april, det gjeld særskilt korleis ein skal arbeide i høve til finansiering og statlege myndigheter. Forprosjekt for å dokumentere tekniske krav til nytt lokale skal setjast i gang i vår. Det har vore dialog om eit bestemt lokale, men denne prosessen er fryst i påvente av at ny leiar skal tiltre. Det vil og vere aktuelt å vurdere andre lokale.»

3.4 Regional utvikling

Fylkestinget ba om ein gjennomgang av tilhøvet mellom fylkeskommunen og ulike organisasjonar og nettverksprosjekt.

Regionalavdelinga har invitert samtlege partnarar som får støtte frå fylkeskommunen i 2014 til eit partnarskapsmøte i juni. Her vil dei nye prioriteringskriteria og det nye forvaltingsregime for støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar bli presentert. Det vil vidare bli ei drøfting av ulike sider knytt til samarbeidet.

For fleire av aktørane går samarbeidsavtalene ut i 2014. Fylkesrådmannen vi komme attende til fylkesutvalet med konkrete forslag om eventuell vidareføring eller avvikling av desse avtalane i løpet av hausten, sannsynligvis ikkje før Statsbudsjettet for 2015 er presentert slik at ein kan sjå dette i samanheng med nivå på statlege overføringer til næringsretta utviklingsarbeid.